



Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for gjødsel

Rettleiar for kommunane, mars 2025







Innhald

Kva gjeld i nytt regelverk frå 2025	4
Tips til bonden	6
Vurderingar kommunen må gjere	7
1. Arealet må kvalifisere som innmarksbeite	8
2. Arealet må bli beita	9
3. Arealet må ha tilgjenge for gjødsling, og ein må ha reell plan om å gjødsle arealet	9
4. Arealet må kunne påvisast i terrenget	10
5. Omsyn til natur- og kulturlandskaps-verdiar skal bli særleg vektlagt	11
6. Andre omsyn må bli vektlagt	13
7. Eventuelle gamle godkjenningar kan bli vurdert	14
Oppdatering av naturbase for lokalitetar med biologisk mangfald	14
Steg for steg i sakshandsaminga	15
Kart og berekning av areal	16
Tips om utforming av vedtak	18
Vedlegg 1 – Søknadsskjema	
Vedlegg 2 – Sjekkliste for kommunen	
Vedlegg 3 – Mal for vedtaksbrev	



MANGE I VESTLAND
MÅ SØKE OM
GODKJENNING FØR
GYLLING AV BEITE
VÅREN 2025

Ny gjødselbruksforskrift blei innført frå 1. februar 2025, og mange føretak i Vestland må søke om godkjenning for spreiding av husdyrgjødsel på beite før gjødsling i vår. Kravet om godkjenning av beite gjeld også for mineralgjødsel, men her er det ei overgangsordning som for dei fleste betyr at arealet må godkjennast frå 2028.

Denne rettleiaren er meint som eit første hjelpemiddel for kommunen. Den vil etter kvart bli avløyst av ein nasjonal rettleiar til den nye forskrifta, som vil vere meir bindande.

Innmarksbeite er areal som kan nyttast som beite og som ikkje kan haustast maskinelt. Minst halvparten av arealet må vere dekkja av grasarter som kan nyttast eller urter som toler beiting.

Kva gjeld i nytt regelverk frå 2025

Kommunen må godkjenne innmarksbeite som skal gjødslast

Det er nytt at dette gjeld alle gjødselslag, det vil seie mineralgjødsel, biorest med vidare i tillegg til husdyrgjødsel. Statsforvaltaren har utarbeidd eige søknadsskjema og sjekklister som kan nyttast.

UGJØDSLÅ
BEITELANDSKAP ER
VIKTIGE FOR NATUR-
MANGFALDET,
SÆRLEG DER DET
HAR VORE
LANGVARIG BEITING
UTAN GJØDSLING.
ARTSMANGFALDET
GÅR TAPT DERSOM
AREALA BLIR
GJØDSLÅ.

Sakshandsaminga skal opne for gjødsling der det er ønskeleg, og skjerme mot gjødsling der det ikkje er ønska. Bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite påverkar artsmangfaldet og gir fare for næringstap til vassdrag. Ei godkjenning skal mellom anna sikre at vi ikkje øydelegg biologisk verdifulle areal med gjødsel. Areal som tidlegare er ugjødsla / lite gjødsla har normalt eit større biologisk mangfald enn gjødsla areal. Ugjødsla eller lite gjødsla areal krev difor ei grundigare vurdering enn anna areal, normalt med synfaring i vekstsesongen. Slike areal kan også vere aktuelle for registrering i Naturbase, og kan få ekstra tilskot til artsrik slåtte- og beitemark gjennom RMP.

All bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite krev godkjenning frå kommunen. Dei som har dokumentasjon med tidlegare godkjenning frå kommunen slepp normalt ny godkjenning. Det må alltid ligge føre positivt vedtak frå kommunen før bonden kan spreie husdyrgjødsel på beite.

Mineralgjødsel kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødsel på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen godkjenne innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødsel.



Krava til godkjenning er omtalt i *forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.* §§ 17 og 36. Vurderingar etter *forureiningslova* og *naturmangfaldlova* er òg aktuelle.

I Vestland har det tidlegare vore manglande oppfølging av godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for husdyrgjødsel, både frå bønder og frå forvaltning i alle ledd. Fokuset no må vere å få godkjenningar på plass for framtida, og ein må akseptere eventuelle feil som har vore gjort før 2025.

Gamle godkjenningar av innmarksbeite som spreieareal

Dersom ei tidlegare godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for husdyrgjødsel ikkje kan bli dokumentert med vedtak, er det krav om ny godkjenning. For areal der føretaket kan dokumentere tidlegare godkjenning er det normalt ikkje behov for ny godkjenning. Ver likevel merksam på at ein ikkje kan spreie gjødsel nærare enn 6 meter frå vassdrag, og berre på areal som framleis er innmarksbeite. Utrekna dekar spreieareal frå gamal godkjenning kan difor vere feil i dag. Myr og vatn er ikkje jordbruksareal, og kan heller ikkje vere del av spreiearealet. For å få god oversikt over reelt spreieareal kan ein vurdere om det er best med nye godkjenningar. Dette er i så fall frivillig.

EIN KAN IKKJE SPREIE
HUSDYRGJØDSEL PÅ
AREAL SOM
TIDLEGARE HAR
BLITT GODKJENT
SOM SPREIEAREAL,
MEN SOM IKKJE
HELD AREALKRAVA
TIL INNMARKSBEITE I
DAG

Statsforvaltaren kan ved enkeltvedtak oppheve tidlegare godkjenningar. Vi ønskjer informasjon frå kommunen dersom de ser tilhøve som tilseier at tidlegare godkjenningar bør bli oppheva, og dersom ein ikkje lukkast med frivillig ny godkjenning.

«Innmarksbeiter godkjent som spredeareal i medhold av forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 24 nr. 1 andre ledd, skal anses godkjent som spredeareal etter denne forskrift såfremt arealet oppfyller definisjonen av innmarksbeite i § 3 bokstav i. Statsforvalteren kan ved enkeltvedtak likevel oppheve tidligere godkjenninger av innmarksbeiter som spredeareal dersom:

- a) arealet ikke er dokumentert med kartbeskrivelse og kan påvises tilsvarende i terrenget,*
- b) gjødslingen har uheldige virkninger for natur- og kulturlandskapsverdier,*
- c) gjødslingen ikke kan skje på en forsvarlig måte, eller*
- d) arealet ikke beites men likevel tilføres gjødselvarer.»*

(Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. § 36)

«For å ta opp igjen gjødsling av innmarksbeite som tidligere er godkjent men som i mellomtiden har opphørt å være beite, må det godkjennes på nytt.» (Høyringsbrev kap 5.1)



Tips til bonden

Søknad

Søknaden med kart skal sendast til kommunen der driftssenteret er plassert. Kommunen kan godkjenne gjødsling der det er ønskeleg, og avslå for areal der det ikkje er ønskt med gjødsling. Gjødsling av innmarksbeite er viktig for å sikre god beitevekst, men ein skal òg ta omsyn til vassmiljø og område med biologisk mangfald.

Dersom kommunen ikkje har eige søknadsskjema, kan ein nytte søknadsskjema frå Statsforvaltaren (vedlagt).

Oppdatere gjødslingsplanen

Det skal utarbeidast gjødslingsplan for føretaket som inkluderer det godkjente spreiearealet. Dersom det skjer endringar i disponibelt areal (inkl. spreieareal) tett opp til vekstsesongen er det nok at gjødslingsplanen blir oppdatert før neste sesong. Det er ikkje krav om å levere gjødslingsplanen til kommunen.

Ein må merke seg at den delen av eit innmarksbeite som er godkjent som spreieareal oftast vil vere mindre enn arealet av innmarksbeite i kart og produksjonstilskot. Gjødslingsplanen bør vise rett spreieareal på kart, eller vise til kart i vedtak. Planen må òg inkludere rett areal av godkjent spreieareal, og dermed rett gjødselmengd.

For å få riktig utrekning av mengde gjødsel og fosfor må gjødslingsplan og gjødslingsjournal vere knytt til effektivt spreieareal, der uproduktivt areal er trekt ifrå. Frå 2026 er det krav om å føre journal som viser korleis gjødslinga har vore.

Vurdere om det er nok spreieareal

Etter at innmarksbeite er godkjent for gjødsling bør føretaket rekne ut om ein har nok spreieareal for husdyrgjødsla frå eigen produksjon, og gjere tiltak for å tilpasse seg krava som gjeld.

Føretaket har sjølv ansvar for at beita er godkjente som spreieareal før gjødsling. For 2025 er det nok at føretaket har søkt om godkjenning før gjødsling. Dette fordi vi forventar svært mange søknader i år, og det vil bli krevjande for kommunane å svare ut alle søknadene før vekstsesongen. Føretaket er sjølv ansvarleg for å ikkje spreie for mykje gjødsel på noko av arealet. Søknader som gjeld tidlegare ugjødsla areal skal alltid ha svar på søknaden før areala blir gjødsla.

GODKJENT
SPREIEAREAL PÅ
INNMARKSBEITE ER
OFTAST MINDRE
ENN AREAL FRÅ
GARDSKART OG FRÅ
PRODUKSJONS-
TILSKOT. EIN MÅ VITE
KOR MANGE DEKAR
EFFEKTIVT
SPREIEAREAL SOM
ER GODKJENT.



Vurderingar kommunen må gjere

Sakshandsaminga for ulike beite bør vere tilpassa kva type søknad det gjeld, til dømes:

- Søknad for husdyrgjødsel mm på areal som tidlegare er gjødsla med husdyrgjødsel.
Dette vil gjelde mange søknader i 2025, då det kan vere store areal som manglar godkjenning!
- Søknad om husdyrgjødsel mm på areal som ikkje har vore gjødsla tidlegare.
Dette blir særleg aktuelt fram mot 2027 når ein treng mykje meir spreieareal, men det kan komme søknader allereie no.
- Søknad om mineralgjødsel, i hovudsak på areal som tidlegare er gjødsla.
Dette blir mest aktuelt frå 2028 når ingen beite kan bli gjødsla med mineralgjødsel utan at det ligg føre godkjenning som spreieareal. Det er likevel aktuelt med søknader no dersom ein ønskjer å ordne alt samstundes eller dersom ein ønsker å spreie mineralgjødsel på beite som ikkje hadde dokumentert gjødsling i 2022 eller 2023.

Vi reknar med at det normalt sett er behov for synfaring for å kunne vurdere areal, beitebruk, tilkomst, omsyn til vassmiljø mm.

For kommunar med ekstra mange søknader i år kan det bli utfordrande å rekke alle vedtak før vårgjødslinga. Vi rår til å uansett få inn alle søknadene med det same, og få rask oversikt over kva søknader som omfattar gjødsling av tidlegare ugjødsla areal. Her bør søkjarane få tilbakemelding om å vente med gjødsling til kommunen har vore på synfaring og fått vurdert, sjølv om dette kan ta noko tid. For areal med plan om lik gjødslingspraksis som tidlegare år, rår vi til å bruke nødvendig tid for å gjere gode vurderingar og få riktige kartinnteikningar av reelt gjødsla areal. Så får ein heller leve med at nokre slike vedtak skjer etter gjødslinga no i 2025. Sjå òg «Tips til bonden».

KOMMUNEN MÅ TA
GREP FOR Å FÅ TID
TIL VURDERINGAR
OG RETT
INNTEIKNING PÅ
KART



FOR Å VURDERE
PUNKTA 1 TIL 7 ER
DET OFTAST BEHOV
FOR SYN FARING

1. Arealet må kvalifisere som innmarksbeite

- ✓ Kommunen må vurdere om arealet er kartlagt som innmarksbeite. Dersom arealet ikkje burde vore godkjent som innmarksbeite ut frå tilstand i dag, må kommunen sørge for oppdatering av AR5. Tilsvarande må kommunen sørge for oppdatering av AR5 for areal som ikkje er kartlagt som innmarksbeite, men som har eigenskapar som kvalifiserer til slik klassifisering.

«Innmarksbeite: areal som kan nyttas som beite og som ikkje kan høstes maskinelt. Minst 50 prosent av arealet må være dekket av nyttbare grasarter eller beitetålede urter» (§ 3). Kommunen kan etter søknad godkjenne innmarksbeite som spredeareal (§ 17 andre ledd).

«...to forhold må være til stede (til enhver tid) for at innmarksbeite kan anvendes som spredeareal. For det første må arealet nødvendigvis kvalifisere som innmarksbeite i tråd med definisjonen i § 3. For det andre må arealet være godkjent og eventuelle vilkår for godkjenningen må være oppfylt» (Høyringsbrev kap 5.1)

Definisjonen av innmarksbeite i forskrifta bygger no på AR5. Dette betyr at det ikkje lenger er krav til inngjerding slik det har vore tidlegare. Det må likevel tydeleg gå fram kor i terrenget det er tillat å spreie, sjå punkt 4.

I samband med [AR5 klassifikasjonssystem](#) finst rettleiar for klassifisering av innmarksbeite. Samanhengande areal som er dominert av lyssiv, bringebær, brennesle og andre urter som ikkje er beiteplanter kan ikkje reknast som innmarksbeite. Større areal av attgroingsartar som einerkratt, geitrams og hundekjeks skal heller ikkje reknast som innmarksbeite. Areal dekt av grasarter som smyle, finnskjegg og blåtopp blir ikkje rekna som nyttbare grasarter. Starr skal heller ikkje reknast med i grasdekket. Arealet skal vere rydda for kratt og hogstavfall, slik at det er godt tilgjengeleg for beitedyr. Arealet kan ha enkelttre med mindre treklynger eller oppkvista glissen skog som slepp ned mykje lys.



2. Arealet må bli beita

- ✓ Kommunen må vurdere om innmarksbeitet blir beita i dag, eller om det er sannsynleg at arealet kan bli beita og kjem til å bli beita. Få dyr i høve til areal, driftsopplegg med mykje innefôring eller stor avstand frå beitet til fjøs med mjølkerobot er døme på tilhøve som krev ekstra vurdering.

Kommunen må vurdere om søkjaren har nok dyr til å beite det aktuelle arealet. Beitinga må vere reell, med eit visst beitetrykk. Godkjenning for å bruke husdyrgjødsel på beite skal vere på grunnlag av behov for beitet, og at arealet blir nytta som beite. At det er behov for meir spreieareal for husdyrgjødsel er ikkje god nok grunn åleine for å kunne godkjenne eit innmarksbeite som spreieareal. Beitepraksisen er ein del av vurderinga og skal bli omtalt i vedtaket.

«Det kan ikke tilføres gjødselvarer på jordbruksareal som ikke høstes eller beites» (§ 17 tredje ledd)

INNMARKSBEITE
UTAN BEITEDYR KAN
IKKJE BLI GODKJENT
SOM SPREIEAREAL

3. Arealet må ha tilgjenge for gjødsling, og ein må ha reell plan om å gjødsle arealet

- ✓ Kommunen må vurdere på kva del av beitet det er mogleg å spreie mineralgjødsel og/eller husdyrgjødsel. Ein må då vurdere tilkomst på ulike delar av beitet, sett i høve til spreieutstyr som er planlagt å bruke. Ein får til dømes ikkje gjødsle bratt areal med ei gyllevogn der det ikkje er køyreveg. Planlagt gjødsling kan vere avhengig av at det blir bygd landbruksveg for tilkomst. Det er høve til å godkjenne innmarksbeite som spreieareal i forkant, med atterhald om at vegen blir bygd. Dette må komme tydeleg fram av vedtaket. Bygging av landbruksveg er søknadspliktig. Les meir på [Statsforvaltaren si nettside om landbruksvegar](#).
- ✓ Kommunen må vurdere kva areal som av andre praktiske grunnar ikkje eignar seg til å køyre gjødsel på. Areal under høgspenteleidning kan normalt ikkje godkjennast som spreieareal, då spreiring her kan gi

DEN DELEN AV
BEITET SOM IKKJE
KAN GJØDSLAST,
KAN HELLER IKKJE
GODKJENNAST



livsfarlege situasjonar. Innmarksbeite som må gjødslast frå bilveg bør normalt ikkje godkjennast, då det kan føre til tilskitning av vegbanen, og spreinga kan skape trafikkfarlege situasjonar. Spreiing frå offentlig veg krev godkjenning frå vegmyndigheit. Kommunen må vurdere om delar av innmarksbeitet ikkje bør bli gjødsla grunna manglande grasdekke. Dette kan vere tilfelle ved mykje stein, berg i dagen eller område med annan vegetasjon enn beitevekstar. Sjå òg «Kart og berekning av areal».

Desse vurderingane er del av å vurdere om gjødslinga kan skje på forsvarleg måte, jamfør òg omtale under punkt 5 om natur- og kulturlandskapsverdiar.

«Ifølge § 20 er det bare areal som faktisk tilføres gjødsel som kan medregnes som arealgrunnlag for fosforbegrensningene etter § 20. For foretak som bare har akkurat nok arealgrunnlag, inklusive på innmarksbeite, betyr det at innmarksbeite godkjent som spredeareal ikke bare kan brukes, men også må brukes som spredeareal. Derfor blir det desto viktigere at kommunen ikke godkjenner areal som ikke egner seg for gjødsling, og at det areal som er godkjent kan påvises med kartbeskrivelse, og tilsvarende i terrenget.» (Høyringsbrev kap 5.1)

4. Arealet må kunne påvisast i terrenget

DET MÅ VERE LETT Å
FORSTÅ I
TERRENGET KOR
GRENSA FOR
GODKJENT AREAL
GÅR

- ✓ Kommunen må vurdere om det er tydeleg avgrensing i terrenget av areal som skal gjødslast. Dette kan til dømes vere ved gjerde, ved naturlege avgrensingar som elv og berg eller ved tydeleg skilje i vegetasjonen med beitegras og beitetålande urter innanfor avgrensinga og utmark utanfor.

«Areal godkjent etter andre ledd skal innrapporteres av kommunen i offentlig register med kartbeskrivelse og kunne påvises tilsvarende i terrenget.» (§ 17 fjerde ledd)

«I AR5 er krav til inngjerding forlatt, blant annet fordi det finnes digitale gjerdeløsninger. Departementene mener likevel at en avgrensning er viktig for gjødselregelverket for at det tydelig framgår hvor i terrenget det er tillatt å spre. Ettersom slikt krav ikke dekkes av definisjonen etter AR5, foreslås det ... et krav om at spredearealet må dokumenteres med kartbeskrivelse, og kunne påvises tilsvarende i terrenget, typisk gjennom påvisning av plantearter som angitt i definisjonen av innmarksbeite (grasarter eller beitetålande urter), ved gjerde mot utmark eller naturlige avgrensninger som elver, fjell og lignende.» (Høyringsbrev kap 5.1)



5. Omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiar skal bli særleg vektlagt

- ✓ Kommunen må vurdere kva artar eller naturtypar som blir påverka, og verdien av desse.

- **Førekomst av trua artar, trua naturtypar, prioriterte artar, utvalde naturtypar eller nærleik til eit område med vernestatus må vege tungt i vurderinga.** Naturbeitemark / seminaturleg eng er døme på raudlista og utsett naturtype, som òg kan ha raudlista beitemarksopp og andre trua artar. Statsforvaltaren i Vestland forventar at areal med biologiske mangfald i form av naturbeitemark / seminaturleg eng ikkje blir godkjent som spreieareal for gjødsel. Dersom kommunen er usikker på slike areal kan de kontakte Statsforvaltaren for faglege råd. Dersom kommunen godkjenner spreieareal på slike areal ber vi at de sender kopi av vedtak til Statsforvaltaren.

- **Registrering i naturbase er ikkje fullstendig, og kommunen må ha rutine for å oppdage potensielle biologiske verdiar som ikkje er kartlagt.** For areal som ikkje har vore gjødsla tidlegare år bør det vere obligatorisk med synfaring i vekstsesongen. Areal med stor sjanse for verdifullt biologisk mangfald er typisk beite som ikkje har vore gjødsla, eller særst lite gjødsla. Sjå etter nøkkelartar som er karakteristiske for gamal kulturmark, til dømes omtalt med bilete i «[Bonden sin kulturmarksflora for Vestlandet](#)». Potensielt biologiske verdifulle areal bør bli handsama som verdifulle fram til kartlegging. Vi ber om melding til Statsforvaltaren ved behov for vurdering eller kartlegging, sjå eigen omtale.

- **På innmarksbeite som har vore gjødsla tidlegare er det mindre sannsynleg med biologisk mangfald.** Det kan då vere mindre behov for synfaring i vekstsesongen, og tilstrekkeleg med synfaring på anna tidspunkt. Gjødslingsplan frå 2022 eller 2023 er aktuell dokumentasjon på tidlegare gjødsling.

STATSFORVALTAREN
FORVENTAR AT
ARTSRIK
NATURBEITEMARK
IKKJE BLIR GODKJENT
SOM SPREIEAREAL
FOR GJØDSEL.

DET FINST RMP-
TILSKOT FOR Å
HALDE FRAM MED
BEITING UTAN
GJØDSLING PÅ SLIKE
AREAL, FOR Å TA
VARE PÅ VERDIANE





GJØDSELSPREIING
PÅ INNMARKSBEITE
SKAL SKJE I GOD
AVSTAND TIL
VASSDRAG, OG IKKJE
MEDFØRE DÅRLEG
VASSKVALITET ELLER
VERE TIL SKADE FOR
LIVET I VATNET

- **Kommunen bør informere søkjaren om biologiske verdier på disponerte eigedomar, og høve til å søkje tilskot** gjennom regionalt miljøprogram (RMP) for å drive areala utan gjødsling. Arealane er avhengig av vidare beiting for å bli teke vare på. Les meir på [Statsforvaltaren si nettside om RMP-tilskot til naturbeitemark mm.](#)
 - **Kommunen må vurdere etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.**
- ✓ Kommunen må vurdere risiko for forureining av vatn og vassdrag, også nedstraums for spreiearealet.
- Det bør vege tungt i vurderinga dersom tilgrensande vassførekomstar ikkje oppfyller måla i vassforskrifta eller står i fare for å få forverra tilstand. Tilsvarende gjeld vassdrag med sårbare artar, som elvemusling.
 - Kommunen kan ikkje godkjenne spreieareal nærare enn 6 meter mot vassdrag. Vårt råd er at kommunen måler opp ca. avstand på flyfoto / kart for å få rett innteikning på kart. Vi har ikkje kjennskap til automatiserte løysingar så langt.
 - Kommunen må vurdere vilkår for å sikre at gjødsling skjer på ein måte som ikkje påverkar vasskvaliteten negativt. Aktuelle vilkår kan vere krav om konkret avstand òg til open grøft, vassig og udrenerte myrområde på innmarksbeitet. Kommunen bør vurdere om avstanden bør vere større enn minimumskravet på 6 meter som gjeld mot sjølve vassdraget.
- ✓ Kommunen må vurdere korleis gjødsling kan påverke landskapsbiletet og kulturminne.
- Kommunen må vurdere vilkår for å sikre at gjødsling skjer på ein måte som tek vare på kulturminne.
- Aktuelle vilkår kan vere å unngå køyring på eller nær kulturminne og unngå gjødsling av/nær steingardar, murar og rydningsrøyser.

Dei vurderingane som blir gjort må komme tydeleg fram i sakshandsaminga. Det skal gå fram av kommunen si avgjerd kva natur- og kulturlandskapsverdier som blir påverka, og kva konsekvensar gjødslinga får for desse.



I kvar sak må det bli gjort avveging mellom nytten av gjødselspreiing og eventuelle negative konsekvensar tiltaket kan få for natur- og kulturlandskapsverdiane. Dersom gjødslinga i for sterk grad får negative konsekvensar for natur- eller kulturlandskapsverdiane, kan dette vere grunnlag for å avslå heile eller deler av søknaden.

«Ved spredning av gjødselvarer på innmarksbeite skal avstanden til vassdrag være minst 6 meter målt fra ytterkant av utstyrets normale rekkevidde.» (§ 18 andre ledd)

«Ved vurderingen skal det legges særlig vekt på hvilke virkninger gjødsling kan få for natur- og kulturlandskapsverdier, og om gjødslingen kan skje på en forsvarlig måte.» (§ 17 andre ledd)

«Departementene presiserer at god saksbehandling ved nye godkjenninger blir viktig framover for å møte målsettinger om bevaring av artsmangfold og klimavennlig landbruk.» (Høyringsbrev kap 5.1)

«Kommunen skal ved vurderingen vektlegge alle hensyn forskriften er ment å fremme, men de omtalte hensynene skal særlig vektlegges i vurderingen og opp mot foretakets driftsmessige fordeler ved å kunne gjødsle. Hensynet til natur- og kulturlandskapsverdier gjenspeiler tilsvarende ordlyd i nydyrkingsforskriften. Hensynet til at gjødsling kan skje på forsvarlig måte henviser både til at adkomst og areal må egne seg for å kjøre ut gjødsel, og at gjødslingen er forsvarlig for omgivelsene. Vurderinger av egnet adkomst vil være mest relevant for utkjøring av husdyrgjødsel, og vil derfor ha særlig vekt i tilfeller der arealet trengs for å skaffe nok areal for foretakets husdyrgjødsel.» (Høyringsbrev kap 5.1)

«Det må gjøres en vurdering av hvordan nydyrkingstiltaket vil påvirke naturverdiene i området. Artens eller naturtypens forvaltningsstatus eller kategori på rødlista kan si noe om hvordan naturverdiene skal vektas i hver enkelt sak. Dersom det er registrert forekomster av trua arter eller naturtyper, prioriterte arter eller utvalgte naturtyper eller arealet som skal nydyrkes ligger i eller i nærheten av et område med vernestatus, vil dette veie tungt i saken. Arter eller naturtyper som ikke er regnet som nasjonalt trua kan være av regional eller lokal verdi. De vurderingene som er gjort, må komme tydelig frem i saksbehandlingen.» (Kommentar til nydyrkingsforskrifta § 5, som er omtalt til å ha tilsvarende ordlyd.

6. Andre omsyn må bli vektlagt

- ✓ Kommunen må vurdere andre omsyn som forskrifta skal fremme, til dømes:
 - Legge til rette for at gjødselvarer kan utnyttast som ein ressurs.
 - Førebygge helsemessige og hygieniske ulemper. Kommunen bør til dømes vurdere avstand frå gjødselspreiing til brønn / drikkevasskjelde.



7. Eventuelle gamle godkjenningar kan bli vurdert

Gamle godkjenningar er i utgangspunktet framleis gyldige. Dersom kommunen likevel skal vurdere nokre areal på eit føretak, kan det òg vere aktuelt å gjere ny vurdering av areal som tidlegare er godkjent, då dette vil gi betre oversikt både for bonde og forvalting. Grunnar for at ny vurdering kan vere nyttig kan vere:

- Kartinnteikning og arealutrekning frå tidlegare kan vere uklart.
- Dersom delar av arealet ikkje lenger er klassifisert som innmarksbeite eller har gått ut av bruk, eller dersom tidlegare godkjenning har vore nærare enn 6 meter frå vassdrag vil noverande spreieareal vere færre dekar enn opphavelig vedtak. Det kan vere nyttig å få oppdatert tal for spreieareal for å enklare vite om ein tilfredsstiller krav til ny fosforgrense.
- Omsyn til naturmangfald, vassmiljø eller andre omsyn kan tilseie at det er behov for ny vurdering.

Sjå òg tidlegare omtale av regelverk og gamle godkjenningar.

Oppdatering av naturbase for lokalitetar med biologisk mangfald

Det er viktig at kommunane melder frå til Statsforvaltaren ved behov for naturfagleg verdivurdering av aktuelle lokalitetar som ikkje er registrerte i Naturbase. Det er òg viktig at kommunane melder ifrå om lokalitetar eller delar av lokalitetar som eventuelt bør takast ut av Naturbase, med grunngjeving og kartfesting. Lokalitetar som er ferdig registrerte i Naturbase i søknadsåret kan utløyse tilskot frå regionalt miljøprogram (RMP) dersom krava i forskrifta for tiltaket elles er oppfylt.

Om de har tips om lokalitetar som de meiner bør vurderast for Naturbase, treng Statsforvaltaren følgjande informasjon:

- Stadnamn og Kart
- Gards- og bruksnr
- Namn og kontaktinformasjon til søker
- Tidlegare bruk, noverande bruk, og evt. planlagt endra bruk.
- Kva naturtype ser dette ut til å vere
- Informasjon om eventuelt tidlegare kartleggingsarbeid
- Informasjon om gjødslingshistorikk

TIPS OM ARTSRIKE
AREAL SOM IKKJE ER
KARTLAGT ENNO
KAN MELDAST TIL
STATSFORVALTAREN
FOR VURDERING, OG
FOR Å FÅ HØVE TIL
RMP-TILSKOT

Kontaktinfo
ang. naturbase:
[fmvlnaturbase@
statsforvalteren.no](mailto:fmvlnaturbase@statsforvalteren.no)



Steg for steg i sakshandsaminga

Rettleiande råd:

- A) Bonden leverer søknad. Statsforvaltaren har laga døme på søknadsskjema (vedlagt), som òg er tilgjengeleg på Statsforvaltaren si nettside: [Nye krav til bruk av gjødsel | Statsforvaltaren i Vestland](#). Kommunen kan alternativt lage eiga løysing for søknad.
- B) Kommunen må vurdere det omsøkte arealet, gjerne med synfaring for å vurdere gjødsling og konsekvensar, og utarbeide kart. Bonden bør vere med og forklare kva han/ho tenkjer rundt spreieing av gjødsel med meir. Søkar bør bli varsla om synfaring god tid i forkant, og gitt høve til å bli med.
- C) Kommunen fattar eit vedtak om arealet blir godkjent som spreieareal eller ikkje. I vedtaket skal det gå fram opplysningar om brutto areal og netto areal. Det er klagerett på vedtaket. Det er tilrådeleg med tidsavgrensa godkjenning, til dømes 10 år. Sjå òg vedlagt døme på brevmal som kan brukast. Statsforvaltaren har laga mal for vedtaksbrev (vedlagt), som kommunen kan bruke om ein ønskjer.
- D) Kartet bør digitaliserast. Vedtak og kartfilar må bli arkivert hos kommunen. Kartfilar bør vere digitale, slik at dei enklare kan brukast seinare. Landbruksdirektoratet arbeider for å lage nasjonal kartbase med digital kartfesting. Det kan komme krav om å registrere godkjent spreieareal inn i denne kartløyisinga i ettertid.
- E) Vurdering av om føretaket har nok spreieareal: Særleg for føretak med mjølkeproduksjon, svin eller fjørfe bør kommunen samstundes vurdere om føretaket har nok spreieareal, for å kunne gi råd om tilpassing til regelverk om fosforgrenser.

Ein reknar ikkje lenger spreieareal for gjødseldyreiningar (GDE), men ved hjelp av ny fosforkalkulator kan ein rekne ut kor mykje areal ein treng eller manglar for å ha nok til å spreie all gjødsel og fosforet som eigne husdyr produserer. Jordbruksareal som i praksis ikkje blir gjødsel med husdyrgjødsel kan ikkje bli medrekna som arealgrunnlag for desse fosforberekningane.

KOMMUNEN BØR
LAGE DIGITALE KART
SOM VISER KVA DEL
AV KVAR TEIG SOM
ER GODKJENT SOM
SPREIEAREAL



Kart og berekning av areal

Ved godkjenning av innmarksbeite som spreieareal opererer vi med ulike typar areal på same teigen:

- Produksjonstilskotsareal: Heile teigen av eit innmarksbeite kan vere grunnlag for arealtilskot i produksjonstilskot, og blir vist på gardskart.
- Brutto areal: Dette er den delen av innmarksbeitet som er planlagt gjødsling, med frådrag av areal utan tilkomst for spreieareal som er nærare enn 6 meter frå vassdrag, areal som ikkje blir godkjent som spreieareal grunna omsyn til natur- og kulturlandskapsverdiar mm. Sjå «Vurderingar som kommunen må gjere». Brutto areal skal teiknast på kart i vedtak.
- Effektivt spreieareal (nettoareal): Dette er restareal etter frådrag av uproduktivt areal som ur, berg, skogholt, samanhengande område med kulturgras som lyssiv, eller anna overflate som er ueigna for beiting og gjødselspreiing. Slike areal er i mange tilfelle del av klassifisert innmarksbeite då dei utgjer for lite areal til å bli skilt ut som eige markslag. Skog, myr, open fastmark mm som er mindre enn 2,0 dekar blir normalt ikkje registrert som eigen flate i kart. Kommunen må vurdere etter skjønn kor stor del av innmarksbeitet som er uproduktivt og ikkje dekkja med beitevekstar. Vi rår i utgangspunktet til å bruke intervall på heile 10 %, frå ingen fråtrekk til 50 % fråtrekk. Når meir enn 50 % er dekkja av anna areal enn beitevekstar, skal det ikkje reknast som innmarksbeite.

KOMMUNEN
TEIKNAR KART OVER
BRUTTO AREAL SOM
ER PLANLAGT
GJØDSLING, OG
OPPGIR I TILLEGG
KOR MANGE DEKAR
EFFEKTIVT
SPREIEAREAL DETTE
ER VURDERT TIL

Eitt dekar innmarksbeite bidreg mindre til spreieareal enn eitt dekar fulldyrka og overflatedyrka areal. Frå 2025 brukar ein ikkje lenger omrekningsfaktor til fulldyrka areal for å berekne kor mykje spreieareal innmarksbeitet utgjer. Forholdstalet vil vere ulikt mellom fylka, og avhengig av krav til reduserte fosforgrenser fram mot 2033. Utrekninga av nødvendig spreieareal kan ein gjere med ny fosforkalkulator. Fosforavgrensinga får innverknad på kor mykje areal ein treng for å ha nok spreieareal for husdyrgjødsling. Innmarksbeite har lågare avling og treng mindre fosfor, og ein kan maksimalt gjødsle med 2,0 kg fosfor per dekar og år på beite som er godkjent. Dette er summen av fosfor frå mineralgjødsel, husdyrgjødsel og andre gjødselslag.



Type areal og døme på vurdering:

	Omtale og råd om kart i vedtak	Døme
Produksjonstilskotsareal Frå kart / søknad om produksjonstilskot (PT)	Klassifisert som innmarksbeite i AR 5. Kartet bør òg vise elvar, veger og naturbaselokalitetar.	Teig 1: 25 daa Teig 2: 50 daa Sum = 75 daa PT-areal
Brutto areal Del av teigen som er planlagt gjødsling og som kan kartfestast	Arealet som blir teikna på kart. Kommunen har trekt frå areal nær vatn og vassdrag, areal med biologisk mangfald, areal som ikkje er mogleg å nå med tilgjengeleg spreieutstyr mm. Tal daa brutto areal bør stå i kart.	Teig 1: 25 daa Teig 2: 30 daa Sum = 55 daa brutto spreieareal teikna på kart
Effektivt spreieareal (nettoareal) Den delen av innteikna areal som er dekkja av beitevekstar	Kommunen har vurdert etter skjønn kor mykje stein, berg eller annan vegetasjon det er på beitet. Tal dekar effektivt spreieareal må stå i kart. Dette vil ikkje samsvare med kart-innteikninga, men er grunnlag for å vurdere fosfortilførsle og behov for spreieareal.	Teig 1: 10 % stein: 25 daa x 0,90 = 22,5 daa Teig 2: 30 % tre og berg: 30 daa x 0,70 = 21 daa Sum = 43,5 daa effektivt spreieareal
Fosforgjødsling på innmarksbeite	På det effektive spreiearealet kan ein tilføre inntil 2,0 kg P/daa	Tillat spreidd fosfor på innmarksbeita: 43,5 daa x 2,0 kg P/daa = 87 kg fosfor

Døme på kartinnteikning:

Gulgrøn farge på flyfotoet viser areal klassifisert som innmarksbeite, aktuelt for produksjonstilskot. Brutto godkjent spreieareal er teikna inn (lilla), og effektivt spreieareal er oppgitt for kvar teig. Område som ikkje er godkjent grunna vassdrag, biomangfald, høgspente eller anna er utan lilla.



Spreieareal (brutto)

Innmarksbeite

Kart: Temakart spreieareal Rogaland



Tips om utforming av vedtak

Om vilkår

KOMMUNEN MÅ
VURDERE Å STILLE
KONKRETE VILKÅR
FOR Å KUNNE
TILLATE GJØDSLING

Vilkår er krav som blir sett for at gjødslinga på eit areal kan tillatast. Det kan vere nødvendig å stille vilkår for å ivareta omsyn til natur- og kulturlandskapsinteresser som forskrifta særleg er sett til å ivareta, eller av andre omsyn. Forvaltinga si heimel til å stille vilkår følgjer av ulovfesta rett.

Vilkår knytt til godkjenning av innmarksbeite som spreieareal kan bli sett på som tilsvarande vilkår for nydyrking.

«.... Hvis det er aktuelt å stille vilkår til tillatelsen, bør søkeren i saksforberedelsen involveres og bli spurt om man aksepterer vilkårene som blir stilt. Ved å involvere søkeren tidlig i prosessen, unngår man senere klager i saken fordi søkeren ikke har vært forberedt på at tillatelse eventuelt ble gitt på vilkår. Hvis søkeren gir uttrykk for at han eller hun ikke vil akseptere vilkårene, bør det vurderes om tillatelsen kan gis uten vilkår eller om det bør gis avslag.» (frå forskrift om nydyrking § 9)

«Vilkårene som stilles må ha en saklig sammenheng med formålet med regelverket, og de må ikke være «uforholdsmessig tyngende». Kommunen må gjøre en avveining mellom hensynet man søker å ivareta opp mot kostnadene eller ulempene vilkårene medfører for søker. Det er viktig å formulere vilkårene på en klar måte, slik at det blir lite rom for tolkning....» (frå forskrift om nydyrking § 9)

Om vedtaket

VEDTAKET MÅ VERE
GRUNNGITT OG
FORSTÅELEG

Dei vurderingane som blir gjort må komme tydeleg fram i sakshandsaminga.

Vedtaket skal innehalde grunngiving som setter søkar i stand til å ivareta sine interesser. Forvaltingslova § 25 stiller desse minimumskrava til vedtaket:

- Regelverket vedtaket bygger på.
- Faktiske tilhøve som er lagt til grunn.
- Den skjønsmessige vurderinga som er gjort og hovudomsyn bak disse.

I tillegg bør det vere grunngiving:

- Det bør stå kva natur- og kulturlandskapsverdiar som blir påverka og kva konsekvensar gjødslinga får for desse.
- Angi vilkår som er stilt i forbindelse med løyvet.

«Forvaltningslovens krav til begrunnelse vil avhenge av hva resultatet er for søker. Dersom det er gitt tillatelse, må det gå tydelig fram av vedtaket hva som er premissene for at tillatelsen er gitt. Spesielt må det omtales hvordan hensynet til natur- og kulturlandskap er vurdert. Naturmangfoldloven § 7 angir at prinsippene i naturmangfoldloven §§ 8-12 skal legges til grunn ved utøving av offentlig beslutningstagning. Det må gå fram av vedtaket hvordan disse prinsippene er vurdert.

Hvis det er satt vilkår, må det komme klart fram av vedtaket hva som er vilkårene for gjennomføring av tiltaket og fristene for dette. Årsakene til at det er stilt vilkår bør vidare komme fram. Se omtale av vilkår ovenfor.

Dersom det er gitt avslag på søknaden, skjerper dette kravet til begrunnelsen. Søkeren må gjøres i stand til å skjønne hvorfor søknaden er blitt avslått, og det bør pekes helt konkret på hva som har gjort at man har fått avslag. Søkeren skal etter å ha lest vedtaket være i stand til å vurdere om han eller hun er uenig i vurderingen som er gjort eller ikke. Dette er sentralt for å ivareta rettighetene søkeren har til å klage på vedtaket.» (frå kommentar til forskrift om nydyrking § 10)

[illegible]

Teig	Ca. dekar	Planlagt beitebruk (dyreslag, ca. antal og ca. tid)	Gnr./bnr.	Type gjødsel	Husdyr-gjødsel/ biorest	Mineral-gjødsel
Sum						

Korleis skal husdyrgjødsel spreist?

Underskrift søker

Dato og stad:	Underskrift
---------------	-------------

Underskrift av eigar dersom søker leiger

Dato og stad:	Underskrift
---------------	-------------

Nødvendig vedlegg:

- ✓ Kart der det aktuelle arealet er merka. Informasjon om kva gjødselslag du søker om å bruke på ulike areal må kome fram av kartet som du legg ved søknaden.
- ✓ Gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Dette er aktuelt uansett kva godkjenning du søker om. Dokumentasjon og kommentarar om tidlegare gjødsling på beita er relevant for kommunen si vurdering.

Framgangsmåte for å lage kart:

- Gå inn på <https://gardskart.nibio.no/>
- Søk opp kommune og gnr/bnr, evt. Legg til fleire eigedomar
- Zoom inn til rett innmarksbeite
- Gå til Teikne/måle, Flate:
Merk aktuelt areal ved å venstre-klikke med mus, dobbeltklikk for å avslutte flate
- Trykk Lag pdf for utskrift / lagring:
Velg kartutsnitt og finn beste målestokk.
Dra den gule firkanten slik at den dekker aktuell innteikning
Velg Avansert gårdskart for val mellom ståande og liggande format
- Trykk lagre fil for utskrift
Du får då en pdf som du lagrar på eigen pc
- Last pdf av teigen opp i søknaden

Du kan evt. heller gjere tilsvarande i andre kartløyisingar.

Gjødslingsplan:

Planlagt bruk av husdyrgjødsel og mineralgjødsel på innmarksbeite må bli inkludert i gjødslingsplanen etter at areala er godkjent som spreieareal for gjødsel.

Heimel

Jf. § 17 i forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. Spreiing av gjødselvarer kan berre skje på fulldyrka og overflatedyrka jord. Ein kan også spreie på innmarksbeite **etter** godkjenning frå kommunen. Kommunen skal i si vurdering legge særleg vekt på kva verknadar gjødslinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar, og om gjødslinga kan skje på ein forsvarleg måte.

Jf. § 18 om *vegetasjonssone som er bandlagt mot spreiking* blir det stilt krav om å halde minst 6 meter avstand til vassdrag for alle gjødselslag ved spreiking i innmarksbeite.

Jf. § 20 om *avgrensingar for tilførsel av fosfor på jordbruksareal* kan ein ikkje tilføre meir enn 2 kg fosfor per dekar innmarksbeite i løpet av eit år.

Jf. § 36 om overgangsreglar punkt 2. omhandla *beite godkjent som spreieareal*, og fastslår at for areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikkje behov for ny godkjenning. Mineralgjødsel kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødsel på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen ha godkjent innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødsel.

Sjekkliste for kommunen

Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for gjødsel

Sjekkliste for vurdering av alt areal det er søkt godkjenning for

Sjå rettleiingshefte frå Statsforvaltaren i Vestland

Navn på føretaket		Kommune	
Org.nr.		Sakshandsamar	

Søknad og synfaring	JA	NEI	Merknader
Er det lagt ved kart			
Er det lagt ved gjødslingsplan frå 2022 eller 2023 dersom areala har vore gjødsla tidlegare			
Har kommunen vore på synfaring			
Har søkjaren vore med på synfaring			
1. Er arealet innmarksbeite?	JA	NEI	Merknader
Er det markslag innmarksbeite i kart (AR5)			
Er det behov for å endre markslag i kart (AR5)			
Dekker ugras (lyssiv mm) og attgroingsartar (einer mm) store område			
Er det stor del smyle, blåtopp, starr og anna gras-liknande som ikkje er beitegras?			
Er minst halve arealet dekkja av beitegras og urter som toler beiting			
Er arealet tilgjengeleg for beitedyr			
2. Blir arealet beita?	JA	NEI	Merknader
Har søkjaren nok dyr til beitearealet			
Er det lang avstand frå fjøs til beite			

Er det praktisk å flytte dyra til beitet			
Ber arealet preg av å ha blitt beita tilstrekkeleg tidlegare år			
3. Er det tilkomst for gjødsling?	JA	NEI	Merknader
Er det vurdert kor det er tilkomst for aktuelt spreieutstyr for husdyrgjødsel			
Er det vurdert kor det er tilkomst for aktuelt spreieutstyr for mineralgjødsel			
Dersom det er plan om gjødsling på areal utan tilkomst: Er det realistisk plan om å lage tilkomst			
Går det høgspenledning gjennom beitet			
Må delar av beitet bli gjødsla frå bilveg			
Er det vurdert kor stor del av beitet som er uproduktivt areal			
4. Er det lett å forstå i terrenget kor godkjent spreieareal er?	JA	NEI	Merknader
Er det tydeleg avgrensing med gjerde			
Viss ikkje: Er det tydeleg naturleg avgrensing med elv, vatn, berg eller liknande			
Viss ikkje: Er det tydelege skilje i vegetasjonen			
5. Er natur- og kulturlandskapsverdiar lagt særleg vekt på?	JA	NEI	Merknader
Er påverknad på biologisk mangfald vurdert			
På areal som ikkje er dokumentert gjødsla tidlegare; er potensiale for verdifullt biologisk mangfald vurdert med synfaring i vekstsesongen			
Er Statsforvaltaren kontakta dersom det kan vere behov for kartlegging til Naturbase			
Har søkaren fått tips om RMP-tilskot dersom det er naturbeitemark e.l. på disponert areal			
Er prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 vurdert			
Oppfyller tilgrensande vassførekomstar målet om god vasskvalitet			
Har tilgrensande vassførekomstar sårbare artar			
Er alt godkjent spreieareal minst 6 meter frå vassdrag			

Er det vurdert om det er behov for avstand òg til open grøft, vassig og udrenerte delar av beitet			
Er konsekvensar for landskapsbilete og kulturminne vurdert			
Er negative konsekvensar av gjødslinga så store at delar av eller heile søknaden bør blir avslått?			
6. Er andre omsyn vurdert	JA	NEI	Merknader
Er avstand til brønn / drikkevasskjelde vurdert			
Er det andre aktuelle omsyn som må vurderast			
7. Gamle godkjenningar	JA	NEI	Merknader
Er det gjort vurdering av gamle godkjenningar som er ønska brukt vidare, jmf § 36 punkt 2:			
Har godkjenninga kart og kan bli påvist i terrenget			
Har gjødslinga uheldige verknader for natur- og kulturlandskapsverdiar			
Kan gjødslinga skje på forsvarleg måte			
Blir arealet gjødsla utan å bli beita			
Vedtak	JA	NEI	Merknader
Er alt brutto godkjent spreieareal teikna inn på kart			
Er areal for effektivt spreieareal (netto) oppgitt for alle teigar / skifte			
Er det rekna ut kor mange kilo fosfor som totalt er lovleg å spreie på dei godkjente beita			
Er det sett tidsavgrensing for godkjenninga			
Kjem det tydeleg fram kva vurderingar som er gjort etter naturmangfaldlova			
Kjem det tydeleg fram kva natur- og kulturlandskapsverdiar som blir påverka, og kva konsekvensane blir for desse			
Er eventuelle vilkår både konkrete, grunngitt og diskutert med søkaren			
Ved eventuelt avslag: er det tydeleg og konkret forklart kva som er grunn til avslaget			

Avsendar

Mottakar

Dykkar ref.

Vår ref.

Stad/dato

BREVMAL DØME

Svar - Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal - Søknad frå gnr. X bnr. X i X kommune

Vi viser til søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal. Søknaden er handsama etter forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. vedtatt 29. januar 2025.

Vedtak:

X kommune godkjenner X daa effektivt spreieareal på innmarksbeite på gnr. x bnr. x. Det godkjente brutto spreiearealet syner på vedlagt kart. Vedtaket er gyldig i X år til X.

Definisjonar for godkjenning av innmarksbeite:

- Totalt areal: det arealet som det kan søkast arealtilskot på
- Brutto spreieareal: den delen av arealet som er planlagt gjødsla, og som er teikna inn på kart
- Effektiv spreieareal: den delen av brutto spreieareal som er dekkja med beitevekstar

På godkjent effektivt spreieareal kan det bli spreidd inntil 2,0 kg fosfor per dekar. På godkjente innmarksbeite i dette vedtaket kan det totalt bli gjødsla med X kg fosfor.

Vilkår:

Det vert sett fylgjande vilkår for godkjenninga, jf. § 17 andre ledd:
(andre vilkår kan vere aktuelle)

1. Det skal utarbeidast gjødslingsplan for føretaket som inkluderer det godkjente arealet. Dersom det skjer endringar i disponibelt areal (inkl. spreieareal) tett opp til vekstsesongen er det nok at gjødslingsplanen blir oppdatert før neste sesong. Det er ikkje nødvendig å levere gjødslingsplan til kommunen.

2. Bruk av gjødselfare på det godkjente spreiearealet må vere basert på gjødslingsplanen, og vere i samsvar forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.
3. Det skal ikkje spreiest gjødsel nærare enn 6 meter mot vassdrag. (kan vurdere om ein bør stille strengare krav til avstand enn minimumskravet)
4. Det skal ikkje gjødselast nærare enn X m frå kvar side av open grøft, vassig eller udrenerte myrområde.
5. Dersom spreinga skal skje frå offentleg veg, er det søkjar sitt ansvar å avklara dette med vegeigar før spreinga tar til.
6. Evt.: Det skal ikkje spreiest husdyrgjødsel under høgspennetliner (livsfare).
7. Arealet kan ikkje gjødselast dersom det ikkje blir beita.
8. Godkjenning gjeld berre så lenge arealet tilfredsstilar krava til innmarksbeite etter AR5, og vert beita.
9. Kommunen kan oppheve godkjenninga dersom andre omsyn taler for dette (t.d. dårleg vasskvalitet eller andre miljøomsyn)

Frå 2027 blir gjødsling med fosfor kraftig innskjerpa. I praksis blir det behov for større areal for spreing av husdyrgjødsel. Vi rår til at ein i god tid gjer vurdering av behov for spreieareal på føretaket og planlegg tiltak for å få fosforgjødsling i samsvar med kommande krav.

Tabell med fosforgrense, jf. § 20 i forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.		
Kg P per dekar fulldyrka og overflatedyrka	Kg P per dekar innmarksbeite	Gjeld år
3,5	2	2025 og 2026
2,8	2	2027, 2028, 2029
2,5	2	2030, 2031, 2032
2,3	2	Frå 2033

Vurdering:

Det vart gjennomført synfaring av det aktuelle arealet den (dato). Av total beiteareal har vi vurdert at det er (effektivt spreieareal) X daa som er eigna for spreing av husdyrgjødsel. Vi har då trekt frå areal nær vatn og vassdrag, areal med mykje stein, areal med biologisk mangfald, areal under straumlinje og areal som ikkje er mogleg å nå med tilgjengeleg spreieutstyr. Sjå vedlagt skjekkliste. (kan legge ved)

Vurdering etter Naturmangfaldsloven §§ 8 - 12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget, § 9 Føre- var – prinsippet, § 10 Økosystem og samla påverknad, § 11 Den som ureinar må betale, § 12 Krav til utstyr og teknikk

Omtale av kva natur- og kulturlandskapsverdiar som blir påverka, og kva konsekvensane er for desse.

Samla vurdering

Kommunen vurderer at gjødsling er ønskeleg på innmarksbeita, og at føretaket har nok dyr i høve til beitearealet. Gjødsling i tråd med godkjenninga vil ikkje gje uønska miljøkonsekvensar.

Klagerett

Du har etter forvaltningslova rett til å klage på dette vedtaket. Ei eventuell klage skal stilast til Statsforvaltaren i Vestland og sendast til landbrukskontoret i X kommune innan 3 veke frå du tek i mot dette vedtaket.